

NOREGS BANK MEMO

Kunderetta betalingsformidling 2020

NR. 2 | 2021



NOREGS BANK

Noregs Bank Memo Nr. 2 | 2021

Noregs Bank

Adresse: Bankplassen 2

Post: Postboks 1179 Sentrum, 0107 Oslo

Telefon: 22 31 60 00

Telefaks: 22 41 31 05

E-post: post@norges-bank.no

Internett: <https://www.norges-bank.no>

ISSN 1894-0277 (online)

ISBN 978-82-8379-190-7 (online)

Om publikasjonen	4
Kunderetta betalingsformidling 2020.....	5
1 Bruk av betalingsinstrument	5
2 Korttransaksjonar	8
3 Kontantinfrastrukturen.....	14
4 Kontantar i omløp.....	16
5 Prisar i betalingsformidlinga.....	21
6 Bankane sine inntekter frå betalingsformidling.....	23
Tabellar	24
Generelle data	24
Betalingsmiddel i Noreg.....	24
Betalingsinfrastruktur	25
Kunderetta betalingstenester	27
Prisar.....	35
Pengeoverføringar til andre land	37
Kjelder og kommentarar til tabellane	40

Om publikasjonen

NOREGS BANK MEMO
NR. 2 | 2021

Noregs Bank ønskjer å medverke til god offentleg debatt om betalingsmiddel og utviklinga i bruken av dei. I denne publikasjonen vert det mellom anna offentleggjort årleg statistikk om bruken av elektroniske betalingsmiddel og om uttak av kontantar frå minibankar, ved varekjøp og på andre måtar. Informasjon om hushalda sin bruk av kontantar vert henta inn gjennom halvårlege spørjeundersøkingar.

I hovudsak finst det to typar betalingsmiddel: kontantar (sentralbankpengar) og bankinnskot (bankkontopengar). Betalingsmidla kan disponerast ved bruk av betalingsinstrument. Betalingskort og giro er døme på betalingsinstrument som gjer kontopengar tilgjengelege. Kontantar kan nyttast utan bruk av andre instrument og er derfor både betalingsmiddel og betalingsinstrument.

Det meste av statistikken som vert nytta i dette notatet, er utarbeidd av Statistisk sentralbyrå på vegner av Noregs Bank. Spørjeundersøkingane er utførte av eit eksternt føretak på oppdrag frå Noregs Bank. Utførlege tal er viste i tabellvedlegget bakerst i notatet.

Kunderetta betalingsformidling 2020

NOREGS BANK MEMO
NR. 2 | 2021

Pandemiutbrotet som starta våren 2020, har påverka betalingsmåtene, og dette er godt synleg i statistikken.

Talet på kortbetalingar på fysiske brukarstader fall frå 2019 til 2020. Samstundes auka den gjennomsnittlege storleiken på betalingane noko. Dei fleste kortbetalingane i fysiske betalingsterminalar, om lag to av tre, vart gjorde kontaktlaust. Mindre reising førte til at talet på betalingar med norske kort på fysiske brukarstader i utlandet gjekk markert ned.

Bruken av kontantar på utsalsstader vart redusert, og uttak av kontantar frå mini-bankar og i samband med varekjøp fall svært mykje. Bankane har etablert ei ny teneste for uttak og innskot av kontantar i daglegvarebutikkar. Tal for uttak både gjennom denne tenesta, «Kontanttenester i butikk», og for uttak av kontantar over skranke i bankfilialar er frå i år samla inn og omtalt i statistikken.


Den sterke veksten i netthandelen med kort heldt fram også i 2020. Ein del av netthandelen vert betalt på andre måtar enn med kort. Ifølgje ei spørjeundersøking gjennomført av Noregs Bank, vert ein av fire handlar på nett i første omgang betalt med faktura. Dersom fakturaen vert gjort opp med kort, vil også slike handlar verte registrerte som netthandel i statistikken.

Ved overføringar mellom privatpersonar er bruken av mobiltelefon no den klart mest nytta betalingsmåten. Heile fire av fem slike betalingar vert gjorde med mobilen, først og fremst som venebetalingar gjennom betalingsløysinga Vipps. Dei fleste slike betalingar skjer som straksbetalingar direkte frå konto til konto, der mottakaren kan disponere midlane eit par sekund etter at betalinga har vorte send.

1 Bruk av betalingsinstrument

Figur 1 syner utviklinga i bruken av betalingsinstrument utanom kontantar. I 2020 vart det gjort 2423 millionar kortbetalingar og 891 millionar girobetalingar.

Figur 1 Bruk av betalingsinstrument. Millionar betalingar. 2001–2020




Kjelde: Noregs Bank

Girobetalingar er overføringar mellom bankkontoar. Dei kan vere sette i gang av betalaren eller av betalingsmottakaren. Overføringar som er sette i gang av betalaren, kallar vi kreditoverføringar. Ei vanleg betaling i nettbank er ei kreditoverføring. Avtalegiro er ei teneste for automatisk betaling av faste rekningar og vert sett i gang av betalingsmottakaren.

Verdien av girobetalingane var 19 459 milliardar kroner i 2020, sjå figur 2. Verdien av kortbetalingane var 884 milliardar kroner.

Figur 2 Bruk av betalingsinstrument. Milliardar kroner. 2001–2020



Kjelde: Noregs Bank

Giroar vert nytta både til betaling av store rekningar og til lønnsutbetalingar, men i stadig større monn òg til mindre betalingar, til dømes straksbetalingar mellom privatpersonar i mobilløysinga Vipps. Betalingskort vert i første rekkje nytta til kjøp av varer og tenester på utsalsstader. Ei gjennomsnittleg girobetaling er mykje større enn ei typisk kortbetaling. I 2020 var den gjennomsnittlege girobetalinga på 21 826 kroner, medan den gjennomsnittlege kortbetalinga var på 365 kroner.

Girobetalingar frå personkundar

Figur 3 syner nokre av girobetalingane frå personkundar. Nettbank (inkludert mobilbank) er framleis den mest brukte overføringstenesta for personkundar. Men det har vorte færre betalingar i nettbank og mobilbank dei seinaste åra. Samstundes har talet på straksbetalingar¹ auka raskt, og dette er no den nest mest brukte overføringstenesta for personkundar. Den største delen av straksbetalingane vert sett i gang frå mobilbetalingsløysinga Vipps og gjeld overføringar mellom privatpersonar. Tidlegare vart overføringar mellom privatpersonar i større grad gjorde i nettbank og mobilbank.²


Talet på straksbetalingar auka frå 122,7 millionar i 2019 til 154 millionar i 2020. Verdien av straksbetalingane i 2020 var 114 milliardar kroner.

1 Dette er betalingar frå bankkontoen til ein personkunde til bankkontoen til ein annan personkunde gjennom ein eigen betalingsinfrastruktur som vert drifta av Nets. Mottakaren kan disponere midlane nokre få sekund etter at betalaren har initiert betalinga.

2 Ein del av girooverføringane mellom privatpersonar i Vipps vert gjorde utanfor straksbetalingssystemet. Desse kjem inn under «andre elektroniske kreditoverføringar» i tabellane 9 og 13.

Avtalegiro var den tredje mest brukte overføringstenesta for privatkunder i 2020. Bruken av tenesta har vore om lag uendra i dei siste åra, og utgjorde 114 millionar betalningar i 2020.

Figur 3 Girobetalningar frå personkunder. Millionar betalningar. 2001–2020



Kjelde: Noregs Bank

Brevgiro vart etablert i 1992, og telegiro vart etablert i 1994. Før 2002 var brevgiro den mest nytta overføringstenesta for personkunder. Toppen for brevgiro vart nådd i 1999 med 107 millionar transaksjonar. For telegiro var året 2000 toppåret. Då nådde bruken 28,8 millionar transaksjonar.³

Omfanget av brevgiro og telegiro har minka, og dette er no relativt lite brukte løysingar. Brevgiro vart i 2020 til saman nytta 3,7 millionar gonger og telegiro 1,7 millionar gonger.

Automatiske rekningsbetalningar (avtalegiro og autogiro) og elektronisk faktura

Avtalegiro⁴ og autogiro⁵ er tenester for automatisk betaling av faste rekningar. Betalingsoppdraga vert sett i gang av betalingsmottakaren. Ved utgangen av 2020 fanst det 20,8 millionar avtalar om automatiske rekningsbetalningar mellom kundar, bedrifter og bankar. Til saman var det 20 474 betalingsmottakarar som tilbydde kundane sine avtalegiro, og 670 betalingsmottakarar som tilbydde kundane sine autogiro.

Avtalegiro kan kombinerast med elektronisk faktura. Ved utgangen av 2020 fanst det 24 161 avtalar for føretak om å tilby bankane si løysing for elektronisk faktura, eFaktura, til personkunder. Det fanst 37,4 millionar avtalar med privatpersonar om å ta imot rekningar som eFaktura.

I 2020 vart det sendt ut 163,9 millionar eFaktura-er frå føretak til personkunder. Den sterke veksten heldt fram, og var på 17 prosent frå 2019 til 2020. Den sterke veksten

3 For meir informasjon, sjå historisk betalingsstatistikk på Noregs Bank sine nettsider: <https://www.norges-bank.no/tema/Statistikk/betalingsstatistikk/>

4 Personmarknaden

5 Bedriftsmarknaden

dei siste to åra har mellom anna kome etter at det i mars 2019 vart opna for distribusjon av eFaktura gjennom Vipps.⁶

Det vart sendt ut 66,4 millionar EHF-fakturaer i 2020. EHF er staten sitt format for elektronisk fakturering og dekkjer både fakturaer mellom føretak og offentleg sektor og fakturaer mellom føretak. Veksten frå 2019 til 2020 for EHF-fakturaer var på 14 prosent.

2 Korttransaksjonar

I 2020 vart det gjort 2423 millionar betalingar og 23 millionar reine kontantuttak⁷ med norske betalingskort, til saman 2446 millionar *korttransaksjonar*, sjå tabell 10a i vedlegget.

Av dei samla kortbetalingane vart 1941 millionar, eller 80 prosent, utførte mot fysiske betalingsterminalar (EFTPOS-terminalar⁸). I 2019 vart det gjort 2147 millionar slike betalingar. Dette utgjorde 84 prosent av dei samla kortbetalingane.

1255 millionar (65 prosent) av betalingane på fysiske brukarstader i 2020 vart gjorde kontaktlaust.⁹ Den kontaktlause delen voks gjennom året, og den kontaktlause delen av betalingane var derfor høgare enn 65 prosent mot slutten av året. For BankAsept-betalingar åleine vart 80 prosent av betalingane gjorde kontaktlaust i desember 2020. Den gjennomsnittlege verdien på kontaktlause betalingar var 318 kroner. Det finst òg andre betalingsmåtar på fysiske brukarstader som er kontaktlause, men som ikkje vert gjorde mot betalingsterminalen. Desse betalingane vert i regelen registrerte i statistikken som vanlege internettbetalingar. Eit eksempel er mobilløysinga Coopay, som vart teken i bruk i august 2019.

Kontaktlause betalingar kan anten verte gjorde med eit fysisk kort, eller dei kan verte gjorde på ein annan måte, til dømes med mobilen eller med ei klokke eller eit armband.¹⁰ Betalingar med fysiske kort utgjer dei fleste av dei kontaktlause betalingane. Kontaktlause betalingar med mobilen, klokke eller armband utgjorde 14,2 millionar betalingar i 2020.

1056 millionar (84 prosent) av dei kontaktlause betalingane i 2020 skjedde med BankAsept. Resten av dei kontaktlause betalingane, 199 millionar, vart gjorde med internasjonale kort¹¹.

For første gong fall talet på korttransaksjonar per innbyggjar, sjå figur 4. I samband med pandemiutbrotet har det vorte vanlegare å gjere sjeldnare og større innkjøp.

6 Sjå pressemelding frå Nets og Vipps 07.03.2019:

<https://www.nets.eu/no-nb/nyheter/Pages/Nets-og-Vipps-skal-fjerne-papirfakturaen.aspx>

7 I minibank, gjennom «Kontanttenester i butikk» og i skranke (med kort). Kontantuttak i samband med betalingar (cash-back) vert registrerte som betalingar. I 2020 gjaldt dette 12,6 millionar betalingar.

8 EFTPOS (Electronic Funds Transfer at Point Of Sale) er eit system for betaling med kort i terminalar på fysiske brukarstader.


9 Kontaktlaus betaling skjer ved at kortet vert halde nær terminalen ein augneblink. Pin-kode vert kravd om beløpet er større enn 500 kroner, eller om samla beløp eller talet på transaksjonar kjem over ei sett grense. Betalinga vert rekna som kontaktlaus sjølv om ein må nytte pin-kode.

10 Kontaktlause betalingar med mobilen kan til dømes vere betalingar gjorde med Apple Pay eller Vipps i terminal. Kontaktlause betalingar med klokke kan til dømes vere betalingar med Fitbit Pay eller Garmin Pay.

11 I den vidare teksten vert omgrepet *internasjonale kort* nytta om norske betalingskort som er utferda av, eller på lisens frå, internasjonale kortselskap. Det omfattar mellom andre Visa, Mastercard og American Express.

I gjennomsnitt brukte kvar innbyggjar betalingskort (til betalingar og kontantuttak) 456 gonger i 2020, mot 487 gonger i 2019. Den gjennomsnittlege verdien på korttransaksjonane auka frå 380 kroner i 2019 til 383 kroner i 2020.

Figur 4 Talet på korttransaksjonar per innbyggjar per år og verdi per korttransaksjon i kroner. 2001–2020



Kjelde: Noregs Bank

Talet på betalingskort

Ved utgangen av 2020 var det totalt utferdta 12,8 millionar norske betalingskort, sjå oversikt 1.

Den vanlegaste korttypen er dei korta som kombinerer BankAxept med eit internasjonalt debetkort (som regel Visa eller Mastercard). Noko over halvparten (56 prosent) av dei utferdta korta er av denne typen. Den nest vanlegaste korttypen er dei internasjonale kredittkorta. Desse utgjer 40 prosent av korta.

Det var i 2020 nedgang i talet på alle typar kort. «Andre debet- og kredittkort» gjekk ned med over 70 prosent. Denne gruppa omfattar mellom anna nasjonale kredittkort og kombinerte internasjonale/nasjonale kredittkort.

Oversikt 1 Talet på utferdta norske betalingskort.¹² I tusen

Type kort	2018	2019	2020
Kombinerte BankAxept/internasjonale debetkort	6932	7309	7199
Internasjonale kredittkort	4855	5297	5126
Andre debet- og kredittkort	987	658	181
Internasjonale faktureringskort	394	328	270
E-pengekort	107	85	59
Totalt	13 274	13 677	12 836

Kjelde: Noregs Bank

12 *Debetkort*: Betalingskort som gjer det mogleg for eigaren av kortet å disponere innskot og kreditt på bankkontoen som kortet er knytt til. Kontoen til brukaren vert belasta kvar gong kortet vert brukt.

Kredittkort: Betalingskort med kreditt som kan avtalast nedbetalt uavhengig av kva tid kortet vert brukt.

Faktureringskort: Brukaren av kortet tek med visse tidsintervall imot ein samlefaktura som vert betalt under eitt.


Korttransaksjonar etter utferdar

I 2020 vart 66 prosent av alle transaksjonane med norske kort gjorde med debetkort-systemet BankAxept, sjå figur 5. Dette utgjorde 1610 millionar transaksjonar. Resten av transaksjonane med norske kort, 836 millionar eller 34 prosent, vart gjorde med ulike kort utferda av internasjonale kortselskap. Talet på transaksjoner med både BankAxept-kort og internasjonale kort gjekk ned i 2020.

BankAxept-kort vert i første rekkje nytta til betalingar på fysiske brukarstader innanfor Noreg. Internasjonale kort vert nytta til slike betalingar, men òg til betalingar for handel på nett og til betalingar i utlandet. BankAxept-systemet kan førebels ikkje nyttast ved nettbetalingar og heller ikkje i utlandet.

Marknadsdelen til dei internasjonale korta steig mykje dei siste åra fram til 2020. Auken heng saman med den sterke veksten i netthandelen. I 2020 gjekk marknadsdelen noko ned att. Dette kjem i første rekkje av at bruken av norske kort i utlandet har falle kraftig som følgje av redusert reiseverksemd i samband med pandemi-utbrotet. Den sterke veksten i netthandelen har derimot halde fram.

Figur 5 Bruk av norske betalingskort etter utferdar og funksjon. Millionar transaksjonar. 2001–2020




Kjelde: Noregs Bank

Verdien av BankAxept-transaksjonane i 2020 summerte seg til 585 milliardar kroner, sjå figur 6. Etter å ha falle dei tre føregåande åra, steig verdien med 1,4 prosent frå 2019 til 2020. BankAxept-transaksjonane stod i 2020 for 62 prosent av den samla verdien av korttransaksjonane. Verdien av transaksjonane med internasjonale kort var 352 milliardar kroner i 2020. Verdien minka med 12,2 prosent siste året.

Den gjennomsnittlege storleiken på transaksjonane var 363 kroner med BankAxept-kort, 323 kroner med internasjonale debetkort og 595 kroner med internasjonale kredittkort. I samband med pandemien har handleturane på fysiske brukarstader vorte færre, men med noko større sluttsum kvar gong. Dette har medverka til at den gjennomsnittlege storleiken på BankAxept-transaksjonar har auka i 2020. For dei internasjonale korta er biletet det motsette. Her er hovudforklaringa at bruken av dei internasjonale korta ved fysiske brukarstader i utlandet har vorte monaleg redusert som følgje av mindre reising. Dermed utgjorde nettbetalingane, som jamt over har lågare verdi, ein større del av transaksjonane med dei internasjonale korta.

Figur 6 Bruk av norske betalingskort etter utferdar og funksjon. Milliardar kroner. 2001–2020




Kjelde: Noregs Bank

Kortbetalingar over internett (netthandel)

Figur 7 syner at det har vore ein sterk vekst i kortbetalingar i samband med handel over internett i dei siste åra. I 2020 vart det gjort til saman 459 millionar internettbetalingar med norske kort. Veksten frå 2019 til 2020 var på 21 prosent. Veksten var om lag like høg til norske nettstader som til utanlandske nettstader. Betalingar til norske nettstader utgjorde 59 prosent av dei samla kortbetalingane for internetthandel. Av internetthandlane i 2020 vart 59,1 millionar, eller rundt 13 prosent, gjort med ei mobil betalingsløyising, som til dømes Vipps, Apple Pay eller Google Pay, sjå tabell 10a.

Den samla verdien av betalingane over internett var på 179 milliardar kroner i 2020. Verdien av betalingane voks med 8 prosent frå 2019 til 2020. Den gjennomsnittlege verdien på betalingane over internett gjekk ned frå om lag 440 kroner i 2019 til om lag 390 kroner i 2020.

Figur 7 Betalingar over internett med norske betalingskort. 2007–2020




Kjelde: Noregs Bank

Utlendingar handlar mykje mindre i norske nettbutikkar enn nordmenn gjer i utanlandske nettbutikkar. Utlendingar stod i 2020 for 6,6 millionar slike handlar, med ein samla verdi på 10,7 milliardar kroner. Både talet på handlar og den samla verdien av desse handlane vart redusert med om lag 60 prosent frå 2019 til 2020.

I kjøpsaugneblinken er det slett ikkje all netthandelen som vert gjort opp på tradisjonell måte med eit betalingskort. I samband med den halvårlege undersøkinga til Noregs Bank om bruk av kontantar har vi også spurt deltakarane om korleis dei betalte for den siste netthandelen sin. Figur 8 syner at litt over halvparten av kjøpa vart betalte direkte med betalingskort. Éin firedel av kjøpa vart betalte med faktura. Betaling med ulike mobiløysingar eller andre betalingsmåtar, til dømes PayPal, stod for dei resterande kjøpa. Men jamvel der den primære betalingsmåten er faktura, mobilbetaling eller ein annan måte, ligg det også her ofte ei kortbetaling til grunn. Betalingskort er som regel betalingskjelda ved betalingar på nettstad med mobilen og ofte ved bruk av PayPal. Og betalingskort vert ofte nytta til å betale fakturaen frå netthandelen. Desse kortbetalingane vert også stort sett rekna som internettbetalingar i statistikken.


Figur 8 Betalingsmåtar ved netthandel. Resultat frå spørjeundersøking. Vår 2021



Kjelde: Noregs Bank

Betalingar over internett utgjer ein stadig større del av dei totale betalingane gjorde med norske betalingskort. Figur 9 syner at betalingane over internett i 2020 utgjorde 18,9 prosent av alle betalingar med norske kort. I 2019 utgjorde internettbetalingane 14,8 prosent. Målt i verdi utgjorde internettbetalingane 20,3 prosent av alle kortbetalingane i 2020.

Figur 9 Betalingar over internett som prosentdel av alle betalingar med norske kort. 2007–2020




Kjelde: Noregs Bank

Korttransaksjonar mot utlandet

Figur 10 syner den samla bruken av norske betalingskort mot utlandet, både på fysiske brukarstader og over internett. Til saman vart det i 2020 gjort 255 millionar transaksjonar med kort i eller til utlandet. Dette inkluderer 4 millionar kontantuttak.

Ikkje uventa gjekk talet på betalingar ved fysiske brukarstader i utlandet monaleg ned i 2020. Talet på slike betalingar vart redusert frå 172 millionar i 2019 til 61 millionar i 2020, ein nedgang på om lag 65 prosent. Talet på betalingar til utanlandske nettstader gjekk opp frå 159 millionar i 2019 til 191 millionar i 2020. Samla sett vart kortbruken mot utlandet redusert med 25 prosent frå 2019 til 2020.

Figur 10 Bruk av norske betalingskort mot utlandet. 2001–2020




Kjelde: Noregs Bank

Verdien av kortbruken i utlandet i 2020 summerte seg til 110 milliardar kroner. Verdien av betalingane var 102 milliardar kroner, medan verdien av kontantuttaka utgjorde 8 milliardar kroner. Nedgangen var på høvesvis 32 og 61 prosent samanlikna med verdiane i 2019. Den gjennomsnittlege storleiken på kontantuttak i utlandet i 2020 motsvarte verdien av 2079 norske kroner. Den gjennomsnittlege storleiken på varekjøp på fysiske brukarstader i utlandet var lågare, og motsvarte verdien av 405 norske kroner.

Ved korttransaksjonar i utlandet er det internasjonale kort som vert nytta. Statistikken syner at internasjonale debetkort vart nytta i dei aller fleste av tilfella i 2020, om lag åtte av ti transaksjonar. Internasjonale kredittkort vart nytta i dei fleste av dei attverande tilfella.

Figur 11 syner at Noreg er mellom dei landa der folk bruker kort oftast for å betale for varer og tenester. I Noreg betaler kvar innbyggjar i gjennomsnitt med kort meir enn ein gong dagleg. I andre enden av skalaen finn vi mellom anna Tyskland og fleire av middelhavslanda. I gjennomsnitt betaler kvar tyskar med betalingskort noko over ein gong i veka.

Figur 11 Kortbetalinger per innbyggjar per år i utvalde land. 2019



Kjelder: BIS, ESB, Sedlabanki Islands og Noregs Bank

3 Kontantinfrastrukturen

Ein brukar kan få tak i kontantar i bankfilialar¹³, i minibankar og i mange butikkar, anten i samband med varekjøp (som cash-back) eller gjennom den nye ordninga «Kontanttenester i butikk»¹⁴.

I 2020 vart det gjort 19,5 millionar uttak frå minibankar i Noreg og 12,6 millionar uttak i samband med varekjøp. I tillegg til dette vart det gjort 1,4 millionar kontantuttak over skranke og 0,3 millionar uttak gjennom «Kontanttenester i butikk». Til saman vart det dermed gjort 33,8 millionar kontantuttak i 2020. Figur 12 syner talet på uttak av kontantar frå minibank og ved varekjøp, og verdien av desse uttaka. Talet på uttak frå minibankar fall med 36 prosent, og talet på uttak ved varekjøp fall med 41 prosent frå 2019 til 2020.


Verdien av uttaka frå minibankar var 38,2 milliardar kroner i 2020, og verdien av uttaka ved varekjøp var 7 milliardar kroner. I tillegg til dette var verdien av uttaka over skranke 8,8 milliardar kroner og verdien av uttak gjennom «Kontanttenester i butikk» 1,3 milliardar kroner. Til saman utgjorde verdien av kontantuttaka dermed 55,3 milliardar kroner. Verdien av uttak frå minibankar og ved varekjøp fall med høvesvis 34 og 33 prosent frå 2019 til 2020.

Det gjennomsnittlege uttaket ved varekjøp var 556 kroner. Det gjennomsnittlege uttaket frå norske minibankar auka frå 1916 kroner i 2019 til 1957 kroner i 2020.

13 Frå og med i år vert det samla inn statistikk for uttak og innskot av kontantar over skranke i bankfilialar.

14 Norske bankar har i fellesskap etablert ei ny løysing, «Kontanttenester i butikk», for å ta ut og setje inn kontantar i daglegvarebutikkar. Vipps AS driftar løysinga, som vart sett i drift i juni 2020. Tenesta er tilgjengeleg i butikkar knytt til NorgesGruppen, og krev bruk av BankAxept-kort og PIN-kode.

Figur 12 Uttak av kontantar frå minibank og ved varekjøp. 2001–2020




Kjelde: Noregs Bank

Talet på minibankar fall frå 1445 ved utgangen av 2019 til 1439 ved utgangen av 2020, sjå figur 13.^{15 16} Det er bankane sjølve som eig dei fleste av minibankane, men også kontanthandsamingsselskapa Nokas og Loomis og andre selskap eig minibankar. Nokas og Loomis står for den daglege drifta både av sine egne minibankar og av dei fleste av dei minibankane bankane eig.

Bruken av kvar einiskild minibank går ned i gjennomsnitt. I 2020 vart kvar minibank i Noreg i gjennomsnitt nytta til 13 546 kontantuttak, sjå figur 13. Det svarer til 37 uttak per dag i gjennomsnitt. Frå kvar minibank vart det i gjennomsnitt teke ut 27,5 millionar kroner i 2020. Det svarer til om lag 73 000 kroner per dag i gjennomsnitt.

Figur 13 Talet på minibankar og uttak frå kvar minibank per år. 2001–2020



Kjelde: Noregs Bank

15 Det finst fleire minibankar enn dette i Noreg. Selskapa Forex og Euronet driv minibankar der ein kan ta ut norske kroner. I desse minibankane kan ein berre nytte internasjonale kort. Talet på desse minibankane er førebels ikkje med i statistikken vår.


16 Talet på minibankar for perioden 2017–2019 har vorte justert noko opp sidan i fjor.

4 Kontantar i omløp

Talet på kontantar i omløp seier ikkje nødvendigvis noko om omfanget av kontantbetalingar. Kontantar kan nyttast både til betalingar og til verdioppbevaring. Ein setel eller mynt kan gjerne nyttast berre til verdioppbevaring og ikkje til betaling i det heile. Motsett kan ein setel eller mynt godt nyttast til fleire enn éi betaling i eit år.

Verdien av kontantar i omløp blant publikum har falle dei seinaste åra, sjå figur 14. Mengda av kontantar i omløp er dessutan prega av sesongsvingingar, med auka etterspurnad frå publikum i samband med sommarferiar og jule- og påskehøgtider. I samband med pandemiutbrotet våren 2020 auka etterspurnaden etter kontantar. Dette kan henge saman med at mange ønskjer å ha litt meir kontantar i periodar med uvisse. Ved utgangen av 2020 utgjorde kontantane i omløp blant publikum 38,3 milliardar kroner.¹⁷

Figur 14 Kontantar i omløp blant publikum. I milliardar kroner. Januar 2008 – desember 2020




Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Som del av den smale pengemengda (M1¹⁸) fall kontantdelen frå 1,8 prosent ved utgangen av 2019 til 1,6 prosent ved utgangen av 2020, sjå figur 15. Som del av BNP for Fastlands-Noreg utgjorde kontantane 1,3 prosent i 2020.

17 I tillegg til dei kontantane publikum har, held også bankane seg med kontantar. Ved utgangen av 2020 utgjorde bankane si beholdning av kontantar 2,7 milliardar kroner. Dette er kontantar som mellom anna ligg lagra i minibankar, filialar og bankane sine depot.

18 M1 er det smale pengemengdomgrepet. Dette er pengar som er tilgjengelege for å verte nytta med det same, og omfattar innskot på transaksjonskontoar og kontantar i omløp. Definisjonen av M1 vart endra i 2015 og førte til eit brot i statistikken.


Figur 15 Kontantar i omløp som prosentdel av betalingsmiddel (M1), konsumet i hushalda og BNP for Fastlands-Noreg. 2001–2020



* Definisjonen av M1 vart endra frå og med 2015
Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

Tala for Noreg er låge i ein internasjonal samanheng, sjå figur 16. Også i dei andre nordiske landa og i Storbritannia er kontantdelen låg. Figuren syner at kontantdelen har falle i dei fleste landa i det siste året.

Figur 16 Kontantar som prosentdel av betalingsmiddel i utvalde land. 2018, 2019 og 2020 (Norden)



Kjelder: BIS, Danmarks Nationalbank, ESB, Sedlabanki Islands, Statistisk sentralbyrå, Statistiska Centralbyrån og Noregs Bank

BRUKEN AV KONTANTAR I NOREG


Noregs Bank gjennomfører halvårlege spørjeundersøkingar blant hushalda om deira bruk av kontantar. I spørjeundersøkingane kartlegg vi dei betalingssituasjonane der det faktisk er mogleg å betale med kontantar. Det gjeld i hovudsak betalingar til andre privatpersonar og betalingar når ein kjøper varer og tenester på ein utsalsstad¹⁹. Deltakarane vert bedne om å gi informasjon om den *siste* betalinga dei har gjort.

Datainnsamlinga vert utført av eit eksternt marknadsanalysebyrå. 2000 personar over 15 år²⁰ vert spurde i kvar runde, og det vert nytta både telefonintervju og internettbaserte undersøkingar. Utvala i undersøkingane er representative for befolkninga. At eit utval er representativt, tyder at samansetjinga i utvalet er tilnærma identisk med samansetjinga i befolkninga som heilskap når det gjeld sentrale variablar som til dømes kjønn, alder og bustad. Dette gjer at resultata frå ei spørjeundersøking kan generaliserast til å gjelde heile befolkninga. Samstundes vil den avgrensa storleiken på utvalet gjere resultata noko usikre, og særleg gjeld det for undergrupper.

Hovudresultat frå undersøkingane

I undersøkinga våren 2021 stod kontantane for 3 prosent av dei samla betalingane og av betalingane på utsalsstader, medan dei stod for 6 prosent av betalingane mellom privatpersonar, sjå figur 17. Kontantdelen har gått ned i samband med koronapandemien. I undersøkinga hausten 2019 var kontantdelen 7–8 prosent.

Figur 17 Talet på kontantbetalingar i prosent av det totale talet på betalingar




Kjelde: Noregs Bank

19 Utsalsstader inkluderer butikkar, restaurantar, vareautomatar, frisørar, offentleg kommunikasjon osv.

20 Nedre aldersgrense i telefonundersøkinga. Nedre aldersgrense i internettundersøkinga var 18 år.

Verdien av kontantbetalingane som del av den total verdien av betalingane varierer meir enn talet på kontantbetalingar som del av det totale talet på betalingar. I undersøkinga våren 2021 stod verdien av kontantbetalingane for 2 prosent av den samla verdien av betalingar, sjå figur 18. Verdien av kontantbetalingane utgjorde 1 prosent av verdien av betalingane på utsalsstader og 5 prosent av verdien av betalingane mellom privatpersonar. Også verdien av kontantbetalingane har felle etter pandemiutbrotet.

Figur 18 Verdi av kontantbetalingar i prosent av total verdi av betalingane²¹



Kjelde: Noregs Bank

På *utsalsstader* kan ein velje å betale

- med kontantar
- med betalingskort
- med mobiltelefon (til dømes med Coopay, Vipps, Apple Pay og Google Pay)
- på annan måte (til dømes med faktura)

Betalingskort er den klart mest brukte betalingsmåten på utsalsstader, med 83 prosent av betalingane våren 2021, sjå figur 19. Betalingar med mobiltelefon har auka frå 3 prosent av dei samla betalingane våren 2017 til 12 prosent av betalingane våren 2021.


Ved *privatbetalingar* kan ein velje å betale

- med kontantar
- med mobiltelefon (i hovudsak med Vipps)
- med nettbank/mobilbank
- på annan måte

²¹ Den særskilt høge prosentdelen for betalingar mellom privatpersonar hausten 2019 var i stor grad påverka av ei særskild stor betaling på 160 000 kroner. Utan denne betalinga ville kontantdelen for privatbetalingar ha vore 4 prosent og den samla kontantdelen 3 prosent.

Betalinger med mobiltelefon har auka frå 56 prosent av betalingane mellom privatpersonar våren 2017 til 80 prosent av betalingane mellom privatpersonar våren 2021. Overføring i nettbank og mobilbank var den nest mest nytta betalingsmåten og stod for 13 prosent av betalingane mellom privatpersonar våren 2021. Våren 2017 utgjorde slike overføringer 26 prosent av betalingane mellom privatpersonar.

Figur 19 Betalingsmåtar i ulike betalingssituasjonar. Vår 2017 og vår 2021



Kjelde: Noregs Bank

5 Prisar i betalingsformidlinga

Oversikt 2 gir informasjon om prisar for ulike bank- og korttenester. Oversikta syner gjennomsnittlege prisar og kan skjule store skilnader mellom bankane. For mange av tenestene er det nokre få av bankane som krev gebyr, medan fleirtalet har gebyrfri bruk. Gebyra gjeld til dømes årsavgift for nettbank, betalingar på brukarstader og gebyr ved uttak av kontantar i minibankar.

Prisane er som regel lågare for kundar som er med i bankane sine kundeprogram, enn for dei som står utanfor slike program. Prisane for betaling av rekningar varierer dessutan mykje mellom dei ulike betalingsformene. Papirbaserte og manuelle betalings-tenester er klart dyrast, og prisen held fram med å stige. Prisen på betaling av giro i skranke med kontantar ligg no på 108 kroner både for programkundar og for andre kundar. Betalingar med avtalegiro eller frå nettbank med KID kostar i gjennomsnitt 20 øre for programkundar og høvesvis 80 og 90 øre for andre kundar.

Ved inngangen til 2021 var gjennomsnittleg årsavgift for BankAxept-kort kombinert med eit internasjonalt kort (Visa eller Mastercard) 243 kroner for kundar innanfor kundeprogram og 298 kroner for kundar som står utanfor slike program. Gjennomsnittsprisen på eit varekjøp med BankAxept var 80 øre for kundar utanfor program og 20 øre for kundar i program.

Prisane for å ta ut pengar frå minibankar har stige vidare det siste året. Eit uttak med debetkort i opningstida frå ein minibank som høyrer til eigen bank, kostar no om lag sju kroner i gjennomsnitt. For eit par år sidan var slike tenester stort sett gratis. Uttak med debetkort frå minibankar som høyrer til andre bankar, kostar i opningstida 7,70 kroner i eit kundeprogram og 8,40 kroner utanfor eit kundeprogram. Uttak med internasjonale kredittkort kostar 35,70 kroner innanfor eit kundeprogram og 33,50 kroner utanfor eit kundeprogram. I tillegg kjem eit gebyr på 1,1 prosent av uttaksbeløpet for kundar utanfor program og 0,7 prosent av uttaksbeløpet for kundar i program.

Oversikt 2 Prisar på innanlandske betalingstransaksjonar og kontantuttak for personkundar. Vekta gjennomsnittsprisar per 1. januar

NOREGS BANK MEMO
NR. 2 | 2021

	Ikkje programkundar			Programkundar		
	2019	2020	2021	2019	2020	2021
Betalingar						
Nettbank med KID, pris per betaling	0,80	0,80	0,90	0,00	0,00	0,20
Nettbank, årsavgift	14,50	14,70	14,40	2,30	2,40	0,60
AvtaleGiro, pris per betaling						
AvtaleGiro, pris per betaling	0,80	0,80	0,80	0,10	0,00	0,20
Mobilbank med KID, pris per betaling						
Mobilbank med KID, pris per betaling	0,80	0,80	0,90	0,00	0,00	0,10
Mobilbank – overføringer mellom egne kontoar	0,10	0,10	0,10	0,00	0,00	0,00
Mobilbank – SMS-info	2,20	2,20	2,20	1,90	1,90	1,90
Brevgiro, pris per betaling						
Brevgiro, pris per betaling	12,10	12,30	12,30	12,10	12,30	12,30
Giro over skranke frå konto, pris per betaling						
Giro over skranke frå konto, pris per betaling	98,20	99,70	100,40	98,20	99,70	100,40
Giro over skranke med kontant betaling, pris per betaling						
Giro over skranke med kontant betaling, pris per betaling	107,40	107,60	107,80	107,40	107,60	107,80
BankAxept-kort i betalingsterminal, per betaling						
BankAxept-kort i betalingsterminal, per betaling	0,90	0,90	0,80	0,10	0,00	0,20
Årspris for internasjonale kredittkort						
Årspris for internasjonale kredittkort	32,40	15,30	18,90	25,20	25,00	26,10
Årspris for BankAxept (kombinert med internasjonalt debetkort)						
Årspris for BankAxept (kombinert med internasjonalt debetkort)	282,50	290,90	297,80	231,80	238,40	243,40
Minibankuttak med debetkort						
Eigen minibank i opningstida, pris per uttak	5,60	6,50	6,90	5,90	6,70	7,20
Eigen minibank utanom opningstida, pris per uttak	6,00	6,70	7,10	6,00	6,70	7,20
Andre bankar sine minibankar i opningstida, pris per uttak	7,80	8,10	8,40	7,40	7,80	7,70
Minibankuttak med internasjonale kredittkort						
Eigen minibank i opningstida, pris per uttak	30,70	31,60	33,50	22,20	30,80	35,70
Andre bankar sine minibankar i opningstida, pris per uttak	30,70	31,70	33,50	22,20	31,00	35,70
Påslag i prosent av uttaket	1,3	1,2	1,1	1,2	1,2	0,7

Kjelder: Finansportalen og Noregs Bank

Oversikt 3 syner samanstilte prisar for pengeoverføringer til andre land. Finansportalen har prisar på pengeoverføringstenester til 30 land/regionar.²² Både bankar, finansielle føretak og betalingsføretak tilbyr overføring av pengar til desse landa. Prisen på overføringa er avhengig av fleire faktorar. Målt i prosent av overføringsbeløpet fell prisen med storleiken på beløpet. Overføring ved personleg frammøte er mykje dyrare enn overføringar over internett. Dette gjeld særleg i bankar, men òg når betalinga går gjennom eit finansielt føretak eller betalingsføretak. Gebyra består av valutamargin og andre gebyr, der andre gebyr kan innehalde både ein fast del og ein del som er avhengig av storleiken på beløpet. Det siste året har overføringar gjennom bankar vorte noko dyrare, medan overføringar gjennom andre aktørar har vorte billegare.

22 Afghanistan, Bosnia-Herzegovina, Brasil, Chile, Eritrea, Etiopia, EU/EØS, Filippinane, Gambia, Ghana, India, Irak, Kina, Kosovo, Latvia, Litauen, Makedonia, Marokko, Nigeria, Pakistan, Palestina, Polen, Romania, Russland, Serbia, Somalia, Sri Lanka, Thailand, Tyrkia og Vietnam.

Oversikt 3 Prisar for pengeoverføringer til eit utval land/regionar. Bankar og andre aktørar. I prosent av overføringsbeløp. Per 1. januar 2020 og 2021

NOREGS BANK MEMO
NR. 2 | 2021


	Personleg fram møte				Betalingsoppdrag over internett			
	1 000 kroner		5 000 kroner		1 000 kroner		5 000 kroner	
	2020	2021	2020	2021	2020	2021	2020	2021
Bankar	28,2	28,3	6,4	6,8	5,7	6,1	1,8	2,3
Valutamargin	0,9	1,4	0,9	1,4	0,9	1,3	0,9	1,3
Andre gebyr	27,3	26,9	5,5	5,4	4,8	4,8	1,0	1,0
Finansielle føretak og betalingsføretak	15,4	13,6	13,3	11,4	6,0	5,5	4,3	4,0
Valutamargin	8,0	6,1	8,0	6,1	3,3	3,3	3,3	3,3
Andre gebyr	7,3	7,5	5,2	5,3	2,7	2,2	1,0	0,7
Alle aktørar	25,6	25,4	7,7	7,7	5,8	5,8	3,1	3,1
Valutamargin	2,3	2,4	2,3	2,4	2,1	2,3	2,1	2,3
Andre gebyr	23,3	23,0	5,4	5,4	3,7	3,5	1,0	0,8

Kjelder: Finansportalen og Noregs Bank

6 Bankane sine inntekter frå betalingsformidling

Bankane sine inntekter frå betalingsformidling utgjorde 7,8 milliardar kroner i 2020, sjå figur 20. Dei samla inntektene fall med om lag 13 prosent frå 2019 til 2020. Kortinntektene gjekk ned mest, med 20 prosent eller om lag éin milliard kroner. Inntektene frå bruk av betalingskort stod i 2020 for halvparten av dei samla inntektene frå betalingsformidling.

Figur 20 Inntekter til bankane frå betalingsformidling og netto rente- og provisjonsinntekter. Milliardar kroner. 2005–2020



Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

Generelle data

Tabell 1: Overordna data for Noreg

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Folketal (per 1. januar, millionar)	4,87	4,92	4,99	5,05	5,11	5,17	5,21	5,26	5,30	5,33	5,37
BNP, marknadsverdi (milliardar kroner)	2 591	2 793	2 964	3 071	3 141	3 111	3 098	3 295	3 554	3 568	3 409
BNP Fastlands-Noreg, marknadsverdi (milliardar kroner)	2 075	2 159	2 294	2 419	2 534	2 614	2 692	2 792	2 935	3 068	3 042
Forbruket i hushalda (milliardar kroner)	1 038	1 073	1 121	1 175	1 224	1 282	1 336	1 393	1 447	1 498	1 407
Kurs mot euro (årgjennomsnitt)	8,01	7,79	7,47	7,81	8,35	8,95	9,29	9,33	9,60	9,85	10,72

Betalingsmiddel i Noreg

Tabell 2: Betalingsmiddel disponerte av publikum. Ved årsslutt (millionar kroner)

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Pengemengda (M2)	1 507 041	1 593 137	1 671 765	1 793 673	1 907 974	1 920 065	2 017 427	2 138 663	2 252 583	2 345 545	2 632 380
Betalingsmiddel i alt (M1)	784 613	824 760	820 075	874 546	910 322	1 766 857	1 842 654	1 944 698	2 096 769	2 159 770	2 464 540
Setlar og myntar	48 721	48 980	48 403	48 454	47 880	48 508	46 665	44 906	41 739	38 648	38 292
Innskot på transaksjonskontoar	735 892	775 780	771 672	826 092	862 442	1 718 349	1 795 989	1 899 792	2 055 030	2 121 122	2 426 248
Andre innskot	722 428	768 377	851 690	919 127	997 652	153 208	174 773	193 965	155 814	185 775	167 840

Tabell 3: Verdien av setlar og myntar i omløp. Årgjennomsnitt (millionar kroner)

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
I alt	50 450	50 315	51 179	49 762	49 352	50 068	49 241	46 963	43 828	40 986	40 562
Setlar i alt	45 676	45 463	46 379	45 509	44 995	45 605	44 726	42 427	39 354	36 577	36 227
1000-kronesetlar	23 134	21 678	21 180	19 798	18 712	17 947	17 029	15 627	14 013	12 238	9 552
500-kronesetlar	13 623	14 542	15 633	16 306	17 101	18 355	18 445	17 689	16 567	15 129	17 383
200-kronesetlar	5 846	6 103	6 335	6 251	6 033	6 056	5 963	5 830	5 612	6 010	6 154
100-kronesetlar	2 062	2 099	2 149	2 118	2 096	2 154	2 172	2 161	2 067	2 145	2 113
50-kronesetlar	1 012	1 041	1 080	1 036	1 054	1 093	1 116	1 119	1 095	1 056	1 024
Myntar i alt	4 774	4 853	4 801	4 254	4 357	4 463	4 515	4 536	4 474	4 409	4 336
20-kronemyntar	1 599	1 629	1 638	1 679	1 715	1 760	1 775	1 775	1 746	1 717	1 688
10-kronemyntar	1 307	1 323	1 317	1 150	1 174	1 194	1 201	1 205	1 180	1 157	1 130
5-kronemyntar	674	679	662	502	515	529	539	542	534	525	515
1-kronemyntar	941	962	943	767	799	826	847	861	862	858	850
50-øremyntar	253	260	241	156	155	154	154	153	153	152	152

Betalingsinfrastruktur

Tabell 4: Institusjonell infrastruktur

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Talet på banker	145	142	138	137	137	134	137	136	141	136	134
Sparebanker	113	111	109	107	106	104	104	99	98	95	93
Forretningsbanker	20	19	17	18	19	20	23	25	29	27	25
Talet på filialer av utenlandske banker i Noreg	12	12	12	12	12	10	10	12	14	14	16
E-pengeføretak	3	3	2	2	3	4	6	6	6	7	6

Tabell 5: Talet på avtaler

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Avtalar om nettbank og mobilbank	5 496 535	5 712 911	6 020 427	6 317 283	7 259 134	7 889 444	8 427 064	8 780 020	8 677 815	8 619 107	8 720 172
Personkunder	5 097 505	5 300 353	5 595 545	5 858 058	6 768 015	7 271 093	7 786 587	8 111 439	7 901 252	7 617 363	7 383 359
Føretakskunder	399 030	412 558	424 882	459 225	491 119	618 351	640 477	668 581	776 563	1 001 744	1 336 813
Avtalar for føretak om å tilby eFaktura til personkunder (B2C)	770	945	1 071	1 220	1 378	1 490	1 611	1 577	8 108	13 462	24 161
Avtalar om mottak av eFaktura – personkunder	6 358 929	7 932 093	9 713 391	12 093 853	15 304 127	14 547 500	17 447 887	19 581 987	23 489 647	34 467 240	37 440 453
Avtalar om mottak av elektronisk faktura i EHF-format	-	-	2 005	7 760	31 064	48 927	65 218	96 158	129 525	154 589	181 734
Avtalar om bedriftsterminalgiro	33 466	26 153	15 129	15 963	16 534	18 362	22 193	27 822	33 530	33 962	25 631
Avtalar om brevgiro	759 995	723 867	681 023	626 342	596 126	508 134	461 177	343 855	302 542	276 856	256 381
Avtalar om faste betalingsoppdrag (avtalegiro og autogiro)	11 933 080	13 162 659	14 393 988	15 597 964	17 218 355	18 496 228	19 964 802	19 514 813	19 988 423	20 511 972	20 770 830
Avtalegiro – betalingsmottakarar	12 619	13 130	13 572	16 417	15 520	15 940	16 215	17 627	18 408	19 723	20 474
Autogiro – betalingsmottakarar	716	708	690	654	618	587	627	705	705	691	670

Tabell 6: Talet på utferda kort (i tusen) og talet på funksjonar i utferda kort (i tusen)

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Talet på utferda kort per 31. desember	12 190	12 313	12 583	12 626	13 698	14 704	14 841	15 755	13 274	13 677	12 836
Kontaktlause kort	-	-	-	-	-	-	-	774	8 617	10 094	11 115
Kort med chip	10 066	11 568	12 029	11 862	12 764	13 859	14 390	14 803	4 570	3 561	1 697
Kort med magnetstripe	2 124	745	553	761	928	839	445	166	73	2	2
Virtuelle kort	-	-	-	3	6	6	6	13	14	20	21
Talet på funksjonar i utferda kort	19 015	19 447	19 795	20 289	21 988	23 464	23 791	25 381	20 988	21 487	20 120
Debetfunksjonar	12 968	13 564	13 620	14 449	15 650	16 552	16 777	18 065	14 161	14 730	14 495
BankAxept	6 620	6 897	6 945	7 332	7 931	8 377	8 487	9 124	7 229	7 419	7 294
Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap	6 349	6 667	6 675	7 117	7 719	8 175	8 290	8 941	6 932	7 311	7 201
Faktureringsfunksjonar (betalingskort utferda av internasjonale kortselskap)	528	593	572	569	557	450	431	357	394	328	270
Kredittfunksjonar	5 519	5 290	5 603	5 054	5 504	6 185	6 456	6 864	6 326	6 344	5 296
Nasjonale kredittkort	642	662	630	600	635	609	698	732	871	547	85
Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap	4 877	4 628	4 973	4 454	4 869	5 577	5 759	6 132	5 455	5 797	5 211
Innbetalingar på førehand (e-pengar)	-	-	-	218	277	278	127	94	107	85	59

Tabell 7: Kontantinfrastuktur

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Filialar med kontanttenester over skranke	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	165
Brakarstader med «Kontanttenester i butikk»	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1 422
Minibankar	2 193	2 194	2 157	2 096	2 033	1 950	1 679	1 596	1 540	1 445	1 439
Innskotsautomatar	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	573

Tabell 8: Bruk av betalingsinstrument (millionar transaksjonar)

